



# FLEIRE SKAL FÅ EIN TRYGG HEIM

Auka busetjing av vanskelegstilte  
på bustadmarknaden



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET



# **FLEIRE SKAL FÅ EIN TRYGG HEIM**

Auka busetjing av vanskelegstilte  
på bustadmarknaden

Nasjonal visjon for bustadpolitikken

### **Alle skal kunna bu trygt og godt**

Hovudmål for det bustadsosiale arbeidet

### **Auka busetjing av vanskelegstilte på bustadmarknaden**

Hovudmålet skal bli nådd gjennom desse arbeidsmåla:

- auka førebygging og avskaffing av bustadløyse
- auka bustadsosial kompetanse i kommunane
- auka bustadsosial aktivitet i kommunane



### **Fleire skal få ein trygg heim**

Det er eit nasjonalt mål at alle skal kunna bu trygt og godt. Ein god bustad er ein føresetnad for eit aktivt og meiningsfullt liv. I denne publikasjonen ønskjer eg å gje ein oversikt over dei statlege rammene og måla som gjeld for arbeidet med å busetja vanskelegstilte på bustadmarknaden i 2009.

Mange av oss kan koma i ein situasjon der vi blir vanskelegstilte på bustadmarknaden. Difor treng vi eit system som kan hjelpe til i forskjellige situasjonar. Hjelpa kan handla om alt ifrå mindre økonomisk støtte til eit omfattande oppfølgingsapparat.

Det er kommunane som har hovudansvaret for dei som er vanskelegstilte på bustadmarknaden. Staten har likevel ei viktig oppgåve i å setja nasjonale mål for arbeidet, sikra juridiske rammevilkår, gje økonomisk støtte til prioriterte formål og leggja til rette for kompetanseheving. I dette arbeidet er Husbanken det viktigaste verktøyet staten har.

Vi står overfor fleire større utfordringar. Som bustadminister er eg særleg oppteken av at fleire får tilbod om varig bustad, at fleire skal få hjelp til å bli buande i bustaden, og at fleire skal kunna eiga bustaden sin. Ein stabil busituasjon er avgjerande for samfunnsdeltakinga og livskvaliteten.

Regjeringa har gjort betydelege endringar slik at fleire kan få ein trygg heim. Til dømes blir det no innført ny bustøtte med plass til 50 000 fleire husstandar, det er mål om 3000 fleire utleigebustader, og rammene til startlån aukar. Dette er naudsynnte grep for at kommunane skal ha føresetnader for å sikra den praktiske gjennomføringa av politikken.

For at fleire skal få ein trygg heim, skal og må arbeidet halda fram med engasjement, kreativitet og godt samarbeid.

Magnhild Meltveit Kleppa  
Kommunal- og regionalminister

## Bustadsosiale satsingar i 2009

### NYTT REGELVERK FOR BUSTØTTE

Frå 1. juli 2009 blir det sett i kraft eit nytt regelverk for bustøtta. Endringane inneber på sikt å styrkja ordninga med 1 mrd. kr slik at om lag 50 000 nye husstandar kan få støtte.

Satsinga er eit viktig steg i kampen mot fattigdom fordi bustøtte treffer husstandar med låge inntekter og høge buutgifter. Mange vanskelegstilte kan ikkje få bustøtte i dag på grunn av strenge reglar. Med det nye regelverket vil alle, med unntak av studentar utan barn og militære, kunna få bustøtte viss dei fyller krava til behovsprøving. Om lag 10 000 fleire barnefamiljar og 40 000 aleinebuande og par utan barn vil koma inn under ordninga. Desse kjem i tillegg til dei om lag 100 000 husstandane som får bustøtte i dag.

Omlegginga gjev betydeleg enklare reglar. Kravet om at personar utan barn må ha trygd for å få bustøtte, blir fjerna. Krava til bustaden blir forenkla og moderniserte slik at også dei som bur i bustader utan eige kjøkken og soverom, kan få støtte. Vidare vil krava til korleis bustaden er finansiert, bli fjerna. Desse forenklingane saman med å heva inntektsgrensene opnar for at mange nye mottakarar kjem inn under ordninga.

Det blir etablert ei overgangsordning for at ingen skal tapa på omlegginga av bustøtta. Dette gjeld både i forhold til reduksjonar i bustøtta som følgje av trygdeoppjøret i 2008, og reduksjonar som følgje av nytt regelverk for ordninga. Overgangsordninga inneber full kompensasjon det første året, og blir trappa ned over 5 år.

### MÅL OM 3000 UTLEIGEBUSTADER

Ei av dei viktigaste hindringane for å nå måla for den bustadsosiale politikken er at mange kommunar ikkje har nok utleigebustader. I tillegg er mange av dei eksisterande utleigebustadene i kommunane i dårleg stand. I statsbudsjettet for 2009 ligg det midlar til 1500 utleigebustader. I tiltakspakka som regjeringa la fram 26. januar 2009, blei satsinga dobla til 3000 utleigebustader.

I revidert budsjett i 2008 opna regjeringa for at einskilde bustadprosjekt skal kunna få ei høgare tilskotsutmåling enn gjennomsnittet på 20 %. I bustadprosjekt som er berekna for personar som treng heilskapleg oppfølging, kan Husbanken gje opptil 40 % tilskot. Det ligg ute meir informasjon om kriteria på nettstaden til Husbanken.

### AUKA RAMMER TIL STARTLÅN

I tiltakspakka som regjeringa la fram 26. januar 2009, blei også låneramma til Husbanken auka med 2 mrd. kr, frå 12 til 14 mrd. kr. Formålet er både å medverka til å sikra byggjenæringa finansiering av gode bustadprosjekt, og å sikra at kommunane får tilgang til meir startlån.

Startlånet har fyrsteprioritet innanfor låneramma. Det er ei behovsprøvd ordning som skal hjelpe fleire unge og vanskelegstilte på bustadmarknaden til å kunna etablere seg i eigen bustad.

Det er kommunane som tildeler startlånet vidare til husstandar.

Lånet kan gå til både grunn- og toppfinansiering til den som vanlegvis ikkje kan få fullfinansiering i ein privat bank. Lånet er særleg relevant i tider der private kredittinstitusjonar er meir restriktive, sidan det også kan gå til refinansiering.

Lånet kan gå til både grunn- og toppfinansiering til den som vanlegvis ikkje kan få fullfinansiering i ein privat bank. Lånet er særleg relevant i tider der private kredittinstitusjonar er meir restriktive, sidan det også kan gå til refinansiering.

### HAR HALVERT TALET PÅ BUSTADLAUSE

I løpet av elleve månader har Asker kommune meir enn halvert talet på bustadlause. Det har dei gjort ved å hjelpe fleire leigetakarar i kommunale bustader til å bli bustadeigarar. Slik aukar dei gjennom strøyminga i dei kommunale bustadene. Dei som kan få ein eigen heim, kjem seg vidare, og dei mest vanskelegstilte kan få tilbod om kommunal bustad.

Viktige verkemiddel i arbeidet er startlån, bustøtte og bustadtilskot til etablering.

Vidare planlegg Asker kommune å senda ut brev med informasjon om startlån til alle i kommunale bustader som er inne i det siste kontraktsåret sitt.

### Auka førebygging og avskaffing av bustadløyse

Fleire departement har ansvar for å førebyggja og avskaffa bustadløyse: Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og likestillingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og politidepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet (KRD). KRD har koordineringsansvaret. Husbanken har det statlege ansvaret for å leggja til rette og koordinera arbeidet på etatsnivå.

Regjeringa har styrkt innsatsen for å førebyggja og avskaffa bustadløyse. Husbanken har tidlegare arbeidd gjennom tidsavgrensa prosjekt og strategiperiodar, mens arbeidet no har høgast prioritet innanfor drifta i Husbanken. Med andre ord er arbeidet med bustadløyse no ein permanent del av verksemda i Husbanken. Det inneber mellom anna at tiltak som bidreg til å nå målet, har fyrsteprioritet innanfor låne- og tilskotsordningane som Husbanken forvaltar. Husbanken støttar også opp om arbeidet gjennom kompetansebygging, erfaringsutveksling og etablering av rutinar på tvers av forvaltingsnivå og sektorar.

Gjennom fleire år har det vore arbeidd aktivt med bustadløyse. Kommunar og friviljug sektor kan visa til eit mangfald av bustadløyser som fungerer for personar som har vore bustadlause. Like viktig har det vore å etablere gode rutinar, mellom anna rutinar for overgangen frå fengsel/institusjon og rutinar for å hindra utkastingar/tvangssal. Innsatsen gjev resultat.

Ei ny kartlegging av bustadlause viser likevel at mange kommunar framleis slit med å hjelpe dei som treng det mest. Difor skal innsatsen halda fram med full styrke!

### Desse resultatmåla gjeld for 2009:

- Opphald i mellombelse butilbod for personar som er lauslatne frå fengsel, skal reduserast i forhold til 2008.
- Opphald i mellombelse butilbod for personar som er utskrivne frå institusjon, skal reduserast i forhold til 2008.
- Ingen skal opphalda seg i mellombelse butilbod meir enn 3 månader.



#### Husbanken skal også stimulera til at:

- vanskelegstilt ungdom får hjelp til å skaffa seg ein bustad med naudsynt oppfølging
- bustadlause får tilbod om mellombelse butilbod som bli sette i samanheng med meir langsiktige bustadløyseringar
- akutt plassar får ei verdig utforming

Husbanken skal støtta opp om prosjekt som reduserer talet på krav om utkastning og gjennomførte utkastningar.

#### Prisen for beste bustadløysetiltak

Statens tiltakspris for bustadlause skal premiera nytenking i arbeidet med å førebyggja og avskaffa bustadløyse. Prisen har vore delt ut fire gonger. Prisen til beste tiltak består av eit kunstverk til prisvinnaren og eit pengebeløp.

Tiltak som blir vurderte for prisen, skal vera i drift og må kunna dokumentera overføringsverdi for andre. Prisen løner kreativitet og nytenking i arbeidet med bustader og tiltak som integrerer tidlegare bustadlause i bumiljø og samfunn, og tiltak som motverkar at bustadløyse oppstår.

Nedanfor følgjer ei kort beskriving av prosjekta som har vunne prisen tidlegare.

#### 2008: KVINNEHUSET I BERGEN

Kvinnehuset er eit butilbod for kvinner med samansette problem innanfor rus og psykiatri i Bergen. Fire kvinner har fått eiga leilegheit i Kvinnehuset i Sandviken, og dei blir følgde opp av sosialtenesta i Bergen kommune. Ingen av dei som flytta inn i 2003, har blitt kasta ut. Ei av kvinnene har blitt rusfri og har flytta.

#### 2007: BUSETJING AV PRØVELAUSLATNE

TOG-avdelinga (Tiltak overfor gjengangarar) er ei eiga avdeling i Oslo fengsel. Prosjektet "Bosetting av prøveløslatte" har som mål å sikra prøveløslatte ein bustad den dagen dei blir lauslatne. Gjennom arbeidet med prosjektet kan dei visa til konkrete tiltak som har gjeve gode resultat.



#### 2006: SJØLVBYGGJARPROSJEKT OG BUSTADSKULEN PÅ SAFIR

I 2006 fekk både Sjølvbyggjarprosjektet i Meland kommune og Boligskolen på SAFIR prisen for beste tiltak for bustadlause.

Grunntanken bak Sjølvbyggjarprosjektet er at personar som slit med å koma inn på bustadmarknaden, skal få høve til å byggja sin eigen bustad, samstundes som dei får arbeidserfaring. I prosjektet har dei erfart at aktiv involvering, basert på tillit, tru og optimisme, hjelper deltakarane til å få sjølvtilit knytt til rusfridom og framtida.

Nettverkshuset SAFIR er eit samarbeid mellom Kirkens Bymisjon og Røde Kors. Boligskolen er eitt av tilboda. Det blir halde kurs og temakvelder om korleis ein kan meistra små og store utfordringar i kvardagen og få eit stabilt liv. Typiske tema på Boligskolen er korleis ein kan eta sunt, korleis ein skal få pengane til å strekkja til, og kva ein kan gjera for å delta i nærmiljøet.

#### 2005: RANA KOMMUNE

Tiltaket "Vi gjør så lite med bare hus" var vinnar fyrste gongen staten delte ut pris til beste tiltak for bustadlause. Gjennom å ha teke eit heilskapleg grep har Rana kommune mellom anna sikra bustader til rusmisbrukarar. Bustadene er integrerte i vanlege bumiljø. Fleire av husstandane har flytta til sjølvvatte bustader, ved hjelp av startlån og bustadtilskot frå kommunen.

Les meir om desse prosjekta og andre nominerte tiltak på nettstaden til Husbanken.

#### Auka bustadsosial kompetanse i kommunane

Det store biletet av kva slags behov innbyggjarane har, varierer sterkt frå kommune til kommune. Kommunane må difor ha fridom til å organisera arbeidet ut ifrå dei lokale utfordringane.

Å møta utfordringane effektivt og formålstenleg krev ofte innsikt i ulike problemstillingar. Difor prioriterer Husbanken arbeidet med rettleiing, kunnskapsutvikling og formidling av kunnskap til kommunane og andre samarbeidspartnarar. I 2008 arrangerte regionkontora i Husbanken over 800 møte, seminar, nettverkssamlingar, fagdagar og andre aktivitetar med til saman 22 000 deltakarar. Slikt aukar kompetansen og aktiviteten i kommunane, og gjev grunnlag for at nye prosjekt blir berekraftige.

Husbanken har som mål å retta støtta mot dei kommunane som treng det mest. Det er Boligosialt utviklingsprogram (BOSO) i region øst eit døme på. Hovudmålet med satsinga er at kommunane gjennom forpliktande og langsiktig partnerskap med Husbanken skal bli flinkare til å løysa dei bustadsosiale utfordringane sine sjølve.

Husbanken forvaltar kompetansetilskotet. I 2009 kan Husbanken gje tilsegn om tilskot for 93,2 mill. kr. Bustadsosiale tiltak har fyrsteprioritet. Tilskotet kan mellom anna bli gjeve til utvikling av bustadsosiale handlingsplanar. Erfaringane frå slikt planarbeid er mange, og Husbanken har difor utarbeidd ei rettleiing om dette. Rettleiinga er tilgjengeleg på nettsidene til Husbanken.

#### Auka bustadsosial aktivitet i kommunane

Hovudoppgåva til Husbanken er å setja kommunane i stand til å driva effektiv og målretta bustadpolitikk mot dei som ikkje klarer seg sjølve. Denne oppgåva må Husbanken gjera saman med andre

velferdsaktører, som Arbeids- og velferdsdirektoratet, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, Helsedirektoratet, dei lokale NAV-kontora og Kriminalomsorga.

I tillegg til å auka den bustadsosiale aktiviteten i kommunane og talet på berekraftige prosjekt gjennom kompetanseheving arbeider Husbanken for at verkemidla skal forvaltast effektivt og fleksibelt. Vanskelegstilte kan vera i svært ulike situasjonar på bustadmarknaden, og det kan vera krevjande å handtera for hjelpeapparatet.

Ei av dei største utfordringane kommunane melder om, er at dei disponerer for få tenlege utleige-bustader. Mange kommunar slit også med bustader som er i for dårleg stand. Kommunale bustader er eit viktig verkemiddel for dei mest utsette. Særleg utsette grupper er personar utan fast bustad, personar som står i fare for å bli bustadlause, flyktingar, personar med nedsett funksjonsevne og personar med svak økonomi.

Husbanken arbeider for å stimulera til fleire og meir eigna kommunale bustader. Mellom anna forvaltar Husbanken bustadtilskot som kan dekkja delar av dei investeringskostnadane kommunane har ved kjøp, bygg og restaurering av bustader til vanskelegstilte. Målet for 2009 er 3000 bustader. Det er om lag ei tredobling av talet på utleigebustader som fekk bustadtilskot i 2008. Departementet legg til grunn at nytt bustøtteregelverk frå 1. juli 2009 vil gje kommunane lågare kostnader med omsyn til å skaffa bustad til vanskelegstilte. Ved at fleire vanskelegstilte får bustøtte og at ytingane aukar for mange, får kommunane større sjanse til å få dekt kostnader knytt til denne verksemda.

Andre viktige verkemiddel for kommunane er den statlege bustøtta, bustadtilskot til etablering og tilpassing, startlån og grunnlån.

## **Dei økonomiske verkemidla til Husbanken**

### **BUSTØTTE**

Bustøtte er ei statleg økonomisk støtteordning som blir administrert av Husbanken og kommunane. Bustøtta skal sikra at vanskelegstilte på bustadmarknaden skal få ein bustad og kunna halda på denne. Bustøtta skal gå til å dekkja faste buutgifter for den einskilde. Ordninga er behovsprøvd, og er retta mot husstandar med låge inntekter og høge buutgifter.

### **STARTLÅN**

Startlånet er ei låneordning for personar som har problem med å skaffa eigenkapital for å etablere seg på bustadmarknaden. Kommunane tildeler startlånet. Lånet kan bli gjeve både til kjøp av bustad og til refinansiering. Lånet kan finansiera heile bustadkjøpet eller vera topplån der andre gjev grunnfinansiering. Bustaden det blir gjeve lån til, skal vera nøktern og eigna etter talet på bebuarar og det lokale prisnivået.

Dei fleste kommunane tilbyr startlån. Det er opp til dei einskilde kommunane å vurdere om dei skal gje startlån, og kor stort lånet skal vera. Dei kan også gje bustadtilskot som supplement til lånet for å redusere låneopptaket for dei som ikkje har eigenkapital. Storleiken på lånet kjem også an på betalingsevna og eventuell anna gjeld. Lånsøkjaren må kunna handtera dei faste bu- og livsopphaldsutgiftene over tid. Det kan vera ein fordel at søkjaren har litt oppsparte midlar.

### **GRUNNLÅN**

I 2005 erstatta grunnlånet dei tidlegare låneordningane oppføringslån og utbetningslån. Grunnlånet skal fremja universell utforming og miljø i nye og eksisterande bustader, finansiera bustader til vanskelegstilte og husstandar i etableringsfasen, og sikra naudsynt bustadforsyning i distrikta. Grunnlånet er ei ordning som er retta mot ulike typar søkjarar, både enkeltpersonar, kommunar og organisasjonar.

### **BUSTADTILSKOT TIL ETABLERING, TILPASSING OG UMLEIGEBUSTADER**

Bustadtilskotet skal bidra til å skaffa og sikra eigna bustader til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Bustadtilskotet blir gjeve til etablering i eigen bustad, til tilpassing av bustader for eldre og personar med nedsett funksjonsevne, og til utleigebustader.

Bustadtilskot til etablering blir formidla av kommunane. Tilskotet blir gjeve til enkeltpersonar for oppføring, utbetring, kjøp eller refinansiering av eigen bustad. Tilskotsutmålinga kjem an på bustadbehovet, økonomien til husstanden og moglegheitene for andre offentlege støtteordningar som til dømes bustøtte.

Bustadtilskot til tilpassing blir også formidla av kommunane. Tilskotet skal bidra til å gjera bustader betre eigna til å ta vare på dei behova som personar med nedsett funksjonsevne har. Tilskotet kan dekkja godkjende utbetningskostnader. Midlane blir tildelte etter streng økonomisk behovsprøving.

Tilskot til utleigebustader blir tildelt av Husbanken til kommunar, stiftingar og andre aktørar som etablerer utleigebustader for vanskelegstilte. Den gjennomsnittlege utmålinga av tilskotet skal normalt tilsvare 20 % av kostnadene. I einskilde tilfelle der det er dokumentert oppfølgingsbehov, kan Husbanken vurdere ei utmåling opptil 40 % av investeringskostnadane. Meir informasjon om kriteria er tilgjengeleg på nettstaden til Husbanken.

Husbanken gjev også tilskot til utgreiing og prosjektering av bustader som skal dekkja spesielle bustadbehov, mellom anna for personar med nedsett funksjonsevne.

### **INVESTERINGSTILSKOT TIL OMSORGSBUSTADER OG SJUKEHEIMPLASSAR**

Formålet med tilskotsordninga er å fornya og auka tilbodet av omsorgsbustader og sjukeheimplassar for personar med behov for heldøgns helse- og sosialtenestar, uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemmingar. For perioden 2008-2015 er målsettinga å gje tilskot til 12 000 omsorgsbustader og sjukeheimplassar. Ordninga blir forvalta av Husbanken i samarbeid med Fylkesmannen.

### **KOMPETANSETILSKOT**

Kompetansetilskotet skal medverka til å heva kompetansen på det bustad- og bygningspolitiske området. Tilskotet skal mellom anna nyttast til samarbeids- og utviklingsprosjekt knytte til arbeidet med å førebyggja og avskaffa bustadløyse. Vidare skal tilskotet bidra til kompetanseutvikling og formidling av informasjon om bustadsosialt arbeid. På nettstaden til Husbanken ligg ein oversikt av kva for prosjekt Husbanken har gjeve kompetansetilskot til.

Meir informasjon om alle ordningane er tilgjengeleg på nettstaden til Husbanken, [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no).

## **Dialog med kommunar og friviljug sektor**

### **SAMARBEIDSAVTALE MED KS**

Regjeringa har inngått ein samarbeidsavtale med KS om bustadsosialt arbeid. Formålet er å sikra eit meir forpliktande samarbeid mellom KS og regjeringa.

Som ein del av samarbeidet arrangerer KR D og KS eit årleg politisk leiarmøte med ulike bustadsosiale tema. I både 2008 og 2009 har alle ordførarane og rådmennene i landet blitt inviterte til desse møta. Formålet er å lyfta fram aktuelle problemstillingar og ha ein arena der ein kan synleggjera gode løysingar. Informasjon frå møta ligg ute på [www.regjeringa.no/krd](http://www.regjeringa.no/krd).

### **STORBYNETTVERKET TIL KS**

I 2008 og 2009 har statsråd Kleppa hatt fleire møte med storbynettverket til KS. Storbynettverket består av Bergen, Bærum, Kristiansand, Oslo, Stavanger, Tromsø og Trondheim. KS er sekretariatet til nettverket. Sentrale punkt på dagsordenen i desse møta har vore bustadsosiale problemstillingar. Storbyane har spesielle utfordringar når det gjeld vanskelegstilte på bustadmarknaden, og har difor erfaring og kunnskap som er viktig for departementet og Husbanken.

### **FRIVILJUG SEKTOR**

Sjølv om det er kommunane som har hovudansvaret for dei vanskelegstilte på bustadmarknaden, er dei avhengige av gode samarbeidspartnarar. I mange kommunar er organisasjonar i friviljug sektor naudsynte samarbeidspartnarar. Erfaringa som mange friviljuge organisasjonar har på dette området, anten det er bustadetablering og/eller ei form for oppfølging, er kompetanse som både departementet og Husbanken er opptekne av.

### **SAMARBEIDSAVTALAR**

For å lukkast med å nå dei bustadsosiale måla har Husbanken lagt vekt på å inngå samarbeidsavtalar med mellom anna enkeltkommunar og friviljuge organisasjonar. Avtalane beskriv dei områda der Husbanken og samarbeidspartnaren har felles utfordringar, og der dei gjensidig kan medverka til å nå måla. Avtalane er tilgjengelege på nettstaden til Husbanken.

### **Nettstader til relevante samarbeidspartnarar**

- Arbeids- og velferdsdirektoratet – [www.nav.no](http://www.nav.no)
- Barne-, ungdoms- og familieetaten – [www.bufdir.no](http://www.bufdir.no)
- Blå Kors – [www.blakors.no](http://www.blakors.no)
- Forbrukarrådet – [www.forbrukerportalen/no/bolig](http://www.forbrukerportalen/no/bolig)
- Frelsesarmeen – [www.frelsesarmeen.no](http://www.frelsesarmeen.no)
- Fylkesmennene – [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no)
- Helsedirektoratet – [www.helsedirektoratet.no](http://www.helsedirektoratet.no)
- Helseføretaka – [www.regjeringa.no/hod](http://www.regjeringa.no/hod)
- Husbanken – [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no)
- Integrerings- og mangfaldsdirektoratet – [www.imdi.no](http://www.imdi.no)
- Kirkens Bymisjon – [www.bymisjon.no](http://www.bymisjon.no)
- Kirkens Sosialtjeneste – [www.kirkenssosialtjeneste.no](http://www.kirkenssosialtjeneste.no)
- Kriminalomsorga – [www.kriminalomsorgen.no](http://www.kriminalomsorgen.no)
- KS – [www.ks.no/bolig](http://www.ks.no/bolig)
- Mental Helse – [www.mentalhelse.no](http://www.mentalhelse.no)
- Namsmannen – [www.politiet.no](http://www.politiet.no)
- Regjeringa – [www.regjeringa.no](http://www.regjeringa.no)
- RIO – [www.riorg.no](http://www.riorg.no)
- Wayback, Stiftelsen Livet Etter Soning – [www.wayback.no](http://www.wayback.no)

### Løyvingar, tilsegnfullmakter og tilsegnsrammer for 2009

Husbanken er i 2009 gjeve ei ramme på 14 mrd. kr. Startlånet har fyrsteprioritet innanfor låneramma. Tabellen under gjev ei oversikt over løyving, tilsegnfullmakt og tilsegnsramme for dei ulike tilskotsordningane, jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2008-2009) og Innst. S. nr. 139 (2008-2009).

Kapittel/post	Løyving	Tilsegnfullmakt	(i mill. kr)
			Tilsegnsramme
580/70 Bustøtte	2 953 600	-	-
581/75 Bustadtilskot til etablering, tilpassing og utleigebustader	908,6	509,9	1258,9
581/78 Kompetansetilskot	57,0	86,4	93,2
586/64 Investeringstilskot	436,0	1269,0	1305,0

#### Løyving

- Skal dekkja tilsegn som ein reknar med vil bli utbetalt i budsjettåret

#### Tilsegnfullmakt

- Tilsegnfullmakt er utestående forpliktingar på posten ved utgangen av budsjettåret

#### Tilsegnsramme

- Summen av nye tilsegn som kan gjevast i budsjettåret. Det er tilsegnsramma som synleggjer kor stor aktiviteten kan vera i budsjettåret.





Utgitt av:  
Kommunal- og regionaldepartementet

Offentlige institusjoner kan bestille  
flere eksemplarer fra:  
Departementenes servicesenter  
Post og distribusjon  
E-post: [publikasjonsbestilling@dss.no](mailto:publikasjonsbestilling@dss.no)  
Faks: 22 24 27 86

Publikasjonskode: H- 2231 N  
Design: Wrap Design  
Trykk: Hurtigtrykk 05/09 - 800